

Hordaland Fylkeskommune
Kulturavdelinga

Bergen, 07.02.2017

Søknad om økonomisk stønad i samband med Hordaland Ungdomslag sitt fylkesstemne for born i Bergen, 9-11 juni 2017

Bergen ungdomslag Ervingen og Hordaland Ungdomslag søker med dette Hordaland Fylkeskommune om kr 15.000,- i økonomisk stønad i samband med tilskiping av Fylkesstemne for born 9.-11.juni 2017.

Bergen ungdomslag Ervingen skal saman med Hordaland Ungdomslag skipa til Fylkesstemna for born i alderen 6-13 år i Bergen helga **9.-11.juni 2017**. Me ventar at om lag 150 born og leiarar deltek på denne tilskipinga. Stemnet vil gå føre seg på Årstad vidaregåande skule og i sentrum av Bergen by.

Fylkesstemnet betyr mykje for desse borna. Dei får høve til å koma saman med andre born til ulike aktivitetar, og sosialt samvær. Høgdepunktet vert nok laurdagen då me skal vera med og setja farge på Bergen sentrum med dansande born frå heile Hordaland i stemnetog gjennom bykjernen og med framsyning på Torgdagen i Bergen sentrum.

Bergen ungdomslag Ervingen er teknisk tilskipar, noko som krev stor dugnadsinnsats frå medlemmane i laget.

Vedlagt finn De budsjettet for stemnet. Som De ser er me avhengig av offentleg stønad for å få stemnet til å gå i hop økonomisk. Treng De meir informasjon ta kontakt med Gro Vetås , telefon 47664785, e-post: kontoret@bergen.ungdomslag.no

Me ber om ei snarleg og positiv handsaming av søknaden. Stønaden kan betalast inn på bankkonto: 6504.05.08109

Med helsing
for Bergen ungdomslag Ervingen
og Hordaland Ungdomslag

Gro Vetås
- org.sek -

Vedlegg: Budsjett, Innbyding til stemna og førebels program